

LONGESKOR

Høgdemeter over havet: ca.380 m

Lengde: ca 4,2 km

Stigning: 295 m

Tid: 1,5- 2 timar frå parkering ein veg

Gradering: Altertativ 1 tung tur, alt. 2 middels tur, alt 3 middels tur

Vegskildring: Køyr riksveg 7 mot Kvanndal ca. 10 km. Sving til høgre før nedlagt bensinstasjon og følg vegen til endes gjennom byggefelt til parkering. Her startar du turen på lett tursti innover langs Kvanndalselva. Når du kjem til brua skal du ikkje krysse denne, men gå rett fram og skilta mot Folkedal og Longeskor. Stølsstien er smal, og går i ei bratt li langs elva med varierende underlag heile vegen innover. Du kjem til «Tellfloten» etter om lag 20-30 minutter, og dette er ein stor flate og gammal slåttemark. No vil stien gå bratt oppover under gjadlane du ser over deg. Stien er smal og nokre stader med særse lause steinar så du må gå med forsiktighet. Det er eit parti som kan for nokre vera skummelt då stien heng litt i lause lufta, eller er litt utrasa. Stien snor seg både utover og innover, før han igjen går bratt oppover igjen og då nærmar du deg. Du kjem inn i ein flott bjørkelund det siste partiet før du er oppe og då er det flatt resten utover til Longeskor. Denne husmannsplassen kan du komme til ved å gå frå Kvanndal, frå Helgastøl eller frå Håli.

Alt. 2 frå Helgastøl startar du litt utom sørlegaste selet og føl merka sti sydvestover i lett terreng før du skal starta på nedstigninga til Longeskor. Det er bratte partier nedover og det er rotvelt og lause steinar så gå forsiktig. Til slutt kjem du inn i granskogen og då er du straks framme. I det siste partiet møter du stien som går opp frå Kvanndal.

Alt 3. Frå Håli føl du stien som går vestover. Og denne er flat og fin stort sett heile vegen. Du går inn i ein fin bjørkeskog langs toppen av Folkedalsfjellet og innover i Kvanndalen. Dette er og ein merka, rydda og skilta sti. Ein fin tur med mykje utsikt ut fjorden. Stien går nedover det siste stykket til Longeskor.

GOD TUR!

Granvin Turlag!